



Fil Aks-77  
Knarvik Stadion Juvikstølen 25  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1888 - 21/2553

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
14.01.2021

## Avvist klage på gebyr - gbnr 185/152 Isdal

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 068/21**  
**Tiltak:**  
**Byggjestad:**                      Gbnr: 185/152  
**Tiltakshavar:**                      Fil Aks-77  
**Ansvarleg søkjar:**                      Fil Aks-77

### VEDTAK:

**Klage i saka datert 10.09.2020 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd.**

Alver kommune viser til klage datert 10.09.2020. Klagen er rettidig.

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav b er eit enkeltvedtak definert som eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personen», dersom avgjerda er eit førehandsvarsel, avgjerd eller gebyr er dette ikkje enkeltvedtak med klagrett.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så

framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einssilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

### Vurdering

Klager fremmer påstand om at avdeling for plan og byggesak har oversittet lovbestemt sakshandsamingsfrist på 12 veker ved handsaming av søknad om dispensasjon og løyve til etablering av treningslokale på gbnr 185/152.

Søknad var sendt inn til kommunen 10.01.2020. Saka vart liggjande fram til 18.03.2020 før det vart sendt ut førebels svar i saka der følgjande vart etterlyst:

1. Vi ber om at det vert levert inn teikningar av alle byggets fasadar og at det vert levert inn planteikning av bygget.
2. Det er ikkje gjort greie for nabovarsling i høve tiltaket. Vi ber om at det vert levert inn dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla. Eventuelt kan de gjere greie for kvifor det ikkje er naudsynt å nabovarsle jf. plan- og bygningslova § 21-3.
3. FIL Aks-77 er ikkje heimelshavar til den aktuelle eigedomen, det må sendast inn fullmakt som gjev dykk rett til å søke om løyve til tiltak på annan manns grunn, evt annan skriftleg avtale som gjev dykk rett til å forestå søknad på eigedom gbnr. 185/152, ta kontakt med Line Valle ved eigedomsforvaltning Alver kommune for slik avtale.
4. Det er ikkje gjort greie for korvidt det skal arbeidstakarar ved td. reinhald inn i bygget. Vi ber om at de gjer greie for dette. Dersom det skal arbeidstakarar inn i bygget krev det eige vedtak om samtykke frå Arbeidstilsynet. Vi kan i so tilfelle i første omgang kun handsame søknad om dispensasjon.
5. Sjå punkt 4. Dersom det krev samtykke frå Arbeidstilsynet ber vi om skriftleg attendemelding på om de ønsker at vi i første omgang berre handsamar søknad om dispensasjon.
6. Det er ikkje gjort greie for om det skal installerast vatn/toalett i bygget, vi ber om attendemelding på det, dersom det skal innstallerast krev det søknad om løyve til tiltak frå rørleggjar samt at det må sendast inn søknad om påkobling frå rørleggjar.

Med unntak av pkt. 3 vart søknaden i hovudsak supplert 20.03.2020. I vår epost datert 20.03.2020 er det opplyst at vi ikkje kan handsame saka vidare før det ligg føre dokumentasjon slik som etterlyst i pkt 3 over.

Med omsyn til avklaring av privattrettslege tilhøve så har det vore dialog mellom klagar og eigedomsavdeling der avd. for plan- og byggesak har vore kopimottakar. Endeleg avtale vart først lagt fram for avdeling Plan- og byggesak den 27.08.2020.

Vedtak i saka vart ekspedert ut 27.08.2020.

Avdeling plan- og byggesak si vurdering av tidsbruk i saka er at søknaden er handsama innanfor lovbestemte rammor jf. plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK § 7-6 og at det ikkje er grunnlag for redusert gebyr i saka. Søknaden var ikkje komplett ved innsending, det er rett at vi ikkje har overholdt 3 vekersfrist med omsyn til stadfesting på at søknaden er motteken, dette har ikkje konsekvens for gebyr i saka.

Søknad kom inn 10.01.2020 det vart sendt ut førebels svar 18.03.2020, medgått tid 9 veker og 5 dagar, avd. plan- og byggesak meiner at manglane var av ein slik karakter at søknaden ikkje kunne reknast for komplett før det låg føre skriftleg avtale om rett til å forestå søknad.

Vedtaket vart ekspedert ut same dag som det vart levert inn avtale med grunneigar.

Avd. plan- og byggesak kan ikkje sjå at det i klagen er kompt fram moment som tilseier gebyrreduksjon.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Fil Aks-77	Knarvik Stadion Juvikstølen 25	5916	ISDALSTØ
------------	--------------------------------	------	----------

### **Mottakarar:**

Fil Aks-77	Knarvik Stadion Juvikstølen 25	5916	ISDALSTØ
------------	--------------------------------	------	----------